

## **Retningslinjer for bruk av tusenårsstaden Sanden, Kommuneparken og dei nærliggjande områda.**

Vedtak i Naustdal kommunestyre 21. mars 2013, sak 012/13.

Sanden-området er eit statleg sikra friluftsområde nytta av lokalbefolkninga i Naustdal og tilreisande til rekreasjon og aktivitetar. Området har sandstrand, volleyballbaner, stupebrett og flytebrygge. Her er også Budeia, skulptur av Kjartan Slettemark.

Sanden og dei nærliggjande områda (Kommuneparken og plassen bak bensinstasjonen) vert kvart år brukt av ulike aktørar, mellom andre Sunnfjord Triathlon v. Tambarskjelvar Idrettslag og Sanden søndag v. Frivilligsentralen og fleire frivillige organisasjonar.

Det er eit attraktivt område for ulike arrangement, og i samband med dette er sett opp retningslinjer for bruk av tusenårsstaden.

- 1.** Bruk av området er gratis, men skal skje med respekt for naboar og utan å hindre allmennheita sin tilgang til området.
- 2.** Nærmiljøanlegg i området skal alltid vere allment tilgjengelege og kan ikkje reserverast for organisert aktivitet.
- 3.** Bilkjøring på Sanden og i Kommuneparken er berre tillate ved naudsynt frakt av utstyr. Parkering skal primært skje på plassen bak Best, vidare er det høve til å parkere ved Matkroken og båthamna.
- 4.** Camping er som hovudregel ikkje tillate i området, men særskilt løyve til camping kan bli tildelt etter søknad til Naustdal kommune.
- 5.** Arrangement med publikum på fleire enn 100 personar må søkje Naustdal kommune om løyve. Kontakt: [postmottak@naustdal.kommune.no](mailto:postmottak@naustdal.kommune.no)
  - Søknadsfrist er tre veker før arrangementet skal finne stad.
  - Søknad må dokumentere at krav til bruk av området vert oppfylt og vere signert av ansvarleg søker.
  - Godkjend søknad fungerer som kontrakt med Naustdal kommune. Misleghald vert vurdert meldt til politiet.
- 6.** Sanitære tilhøve og renovasjon:
  - Naustdal bensin og service / Best har to toalett inne på bensinstasjonen.
  - Bruk av to toalett bak bygget må avtalast med Naustdal bensin og service. Ved store arrangement er det krav om at desse er opne. Utleige av nøklar kostar kr. 200,-
  - Arrangement med fleire enn 200 deltakarar må i tillegg leige inn mobile toalett.
  - Arrangør må syte for tilfredstillande renovasjon under arrangementet.
- 7.** Tilgang til vatn- og straum må avtalast med Naustdal kommune. Kontakt: [postmottak@naustdal.kommune.no](mailto:postmottak@naustdal.kommune.no)
- 8.** Det må søkjast om løyve for bruk av open eld i området.

- 9.** Arrangøren har vakt-, sikring- og vedlikehaldsansvar. Området skal tilbakeføres i tilsvarende stand som før arrangementet.
- Ved lukka arrangement skal området gjerdast inne og arrangør skal utføre tilgangskontroll for å sikre at berre deltakarar får tilgang.
  - Skadeverk eller brot på Alkoholova vil bli meldt til politiet.
  - Sandvolleyballbana skal skjermast og kontrollerast spesielt, primært for å hindre glasbrot i sanden.
- 10.** Mineralvatn, leskedrikk o.l. skal ikkje seljast i glasflasker eller glas.
- 11.** Arrangør er økonomisk ansvarleg for eventuelle skader i området og ulemper påført andre brukarar av området.